

Høring av framlegg til ny vass- og avløpsforskrift

Hemsedal kommune legg med dette framlegg til ny vass- og avløpsforskrift ut på høring. Frist for innsending av uttale er sett til **11.03.2019**.

Svar på høringa kan sendast til postmottak@hemsedal.kommune.no eller til Hemsedalsvegen 2889, 3560 Hemsedal.

1 Bakgrunn


Rammene for kommunale vass- og avløpsgebyr vert fastsett i kommunal forskrift. Gjeldande vass- og avløpsforskrift blei vedteke av Hemsedal kommunestyre i 2007. Sidan den gong er det skjedd viktige endringar i sentrale lover og forskrifter som rører ved vassforsyning og avløpshandtering. Frå 2012 er kommunen sitt høve til å krevje inn vass- og avløpsgebyr heimla i *lov om kommunale vass- og avløpsanlegg. Forureiningsforskrifta* frå 2004 fastset ramma for gebyra og hovudreglane om utrekning og innkrevjing.

Vass- og avløpsgebyra i Hemsedal kommune byggjer på sjølvkostprinsippet, det vil seie at kommunen sine kostnader med å tilverke tenestene skal dekkjast inn gjennom dei gebyra som abonnentane betalar. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på tenestene. Over- eller underskot i det einkilde år skal høvesvis verte avsett eller trekt frå bundne driftsfond. Avsett overskot frå det einkilde år vert attendeført til abonnentane i form av lågare årsgebyr i laupet av ein femårsperiode. Tilsvarende vil underskot til framføring verte dekt inn over årsgebyret i laupet av ein femårsperiode. Vass- og avløpsgebyra skal ikkje finansiere andre delar av kommuneforvaltninga.

2 Nærare om sentrale reglar

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg, og tilhøyrande forskrift, seier at kommunane kan dekkje inn inntil 100 % av sine kostnader med vatn og avløp gjennom gebyr. Vidare seier lova med tilhøyrande forskrift at gebyra skal bestå av eingongsgebyr for tilknytning og årlege gebyr. Ved utrekning av sjølvkost bør dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer for utrekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester leggjast til grunn.

Dei årlege gebyra skal anten reknast på grunnlag av vassforbruk, eller ei todelt gebyrordning med ein fast og ein variabel del. Figur 1 skisserer dei to alternativa.



Figur 1 - Vass- og avløpsgebyr

2.1 Tilknytningsgebyr

Tilknytningsgebyret er eit eingongsgebyr. Det skal ikkje krevjast nytt gebyr ved ominnreiing eller bruksendring. Kommunen har høve til å krevje tillegg i gebyret ved tilbygg eller påbygg. Kommunen kan då bestemme at tilleggsggebyret berre skal betalast når utvidinga utgjør eit visst minsteareal.

2.1.1 Kostnadsgrunnlag

I forskrifta med kommentarar er det ikkje spesifisert kva for kostnader som skal dekkjast inn gjennom tilknytningsgebyret, men intensjonen er at det skal dekkje ein samsvarande del av kommunen sine samla kostnader med vassforsyning og avløp. Gebyret skal reknast for den einkilde faste eigedom eller for den einkilde bueining på eigedomen.

2.1.2 Høve til å krevje inn gebyret

Plikt til å betale eingongsgebyr for tilknytning oppstår når det vert bygd på ein elles gebyrpliktig eigedom, eller når gebyrplikt for bygd eigedom finn stad etter *lov om kommunale vass- og avløpsanlegg* § 3. Kommunen avgjer når gebyra forfell til betaling. Det kan ikkje stillast krav om betaling av tilknytingsgebyr før utferding av byggjetillating.

2.2 Årsgebyr

2.2.1 Utrekningsmåte

Årsgebyr kan verte utrekna på to ulike måtar. Gebyret kan reknast ut på bakgrunn av målt eller stipulert vassforbruk, eller kommunen kan velje ei todelt gebyrordning der årsgebyret består av ein fast og ein variabel del. Det er ikkje lov å fastsetje minimumsgebyr. Dersom årsgebyret vert rekna ut frå stipulert forbruk, skal det stipulerte forbruket i størst mogleg grad svare til reelt forbruk.

Dersom vassforbruket vert stipulert, skal det for bustadeigedomar være busetnaden sitt areal som leggjast til grunn, då ein går ut i frå at dette gir best uttrykk for vassforbruket over ein lengre periode.

Kommunen avgjer sjølv om tidlegare utrekningar av areal skal nyttast, eller om det skal setjast i verk ny utrekning. Kommunen må i den kommunale forskrifta gjere greie for dei utrekningsprinsippa som ligg til grunn for å slå fast stipulert forbruk for ulike bruksareal. Det kan takast omsyn til busetnadens art og bruk, og dessutan eigedomen sin storleik og tilstand. Prinsipielt gjeld det at vassmengd inn = avløpsmengd ut.

Både kommunen og den einskilde gebyrpliktige kan krevje at årsforbruket vert fastsett ut frå målt forbruk. Den einskilde gebyrpliktige må sjølv bære kostnaden ved slik måling, og målinga må utførast med vassmålar etter kommunen si tilvising.

2.2.2 Eigedom som ikkje vert brukt som bustad (næring mv.)

For næringseigedom og andre eigedomar som ikkje vert brukt som bustad, er hovudregelen at årsforbruket, eventuelt den variable delen av årsgebyret, vert rekna ut frå målt vassforbruk. Er det ikkje installert vassmålar, kan det fastsetjast særlege reglar eller verte inngått særlege avtalar om utrekning av gebyret.

Kommunen har avgrensa høve til å setje lågare gebyr for desse eigedomane enn det som ville følgje av kommunen sin ordinære utrekningsmetode for bustadeigedomar. Det er ikkje høve til å fastsetje ein rein kvantumsrabatt for storforbrukarar av vatn.

For bedrifter, gartneri, gardsbruk og anna verksemd der avløpsmengda avvik vesentleg frå vassforbruket, kan det verte inngått avtale basert på avvikande avløpsmengd.

Det kan gjerast frådrag for vatn som går inn i bedrifta sine produkt, eller av andre grunnar ikkje vert sleppt ut i avløpsnettet frå næringseigedomar og andre eigedomar nemnt ovanfor.

Det kan reknast auka avløpsvassmengd i forhold til målt vassforbruk dersom overvatn vert ført til avløp. For eigedomar med installert sprinklaranlegg kan det gjerast særlege avtalar slik at kommunen sine kostnader blir dekte.

2.2.3 Fastsetjing av særlege reglar

Det kan fastsetjast særlege reglar til dømes for busetnad som berre er i bruk delar av året, som har eit særleg stort areal i forhold til vassforbruk og avløpsmengd eller som har tomt som medfører stort vassforbruk. Andre kriterium, som til dømes gebyrpliktige sin privatøkonomi, tal personar eller tal våtrom i huset, kan ikkje leggjast til grunn for utrekning av gebyr.

Føresegnene gjev høve til å fastsetje ulike utrekningsmåtar for eigedomar med ulik bruk. Dette inneber ikkje at sjølve prisen per m³ vatn/avløp kan setjast forskjellig for dei ulike eigedomane.

2.2.4 Abonnementsgebyr (fast del i todelt modell)

Ein eventuell fast del (abonnementsgebyr) skal vere stabil og ikkje avspegle variasjon i forbruk. Den faste delen av årsgebyret bør ikkje hindre den einskilde abonnent i å kunne påverke sitt eige gebyr gjennom å regulere vassforbruket. Ved ressursknappheit kan kommunen vurdere å fastsetje gebyret på grunnlag av forbruk åleine, det vil seie at gebyret berre er basert på ein variabel del som er uavhengig av forbruk. Generelt er det vanleg at den faste delen speglar dei faste kostnadane (typisk kapitalkostnader) knytt til tenesta. Samstundes vert det tilrådt at abonnementsgebyret ikkje overstig 50 % av årsgebyrinntektene. Dette for å fremje sparing av vatn.

2.2.5 Ulike gebyrsatsar

Utgangspunktet er at dei same gebyrsatsane skal gjelde i heile kommunen. Følgjande unntak gjeld:

1. Tilknytingsgebyret kan differensierast avhengig av om den gebyrpliktige har betalt refusjon etter plan- og bygningsloven eller andre former for opparbeidingskostnader for tekniske anlegg som er utført etter planar godkjende av kommunen. Reglar om differensierte gebyrsatsar må fastsetjast i kommunen si forskrift.
2. Det kan fastsetjast ulike gebyrsatsar for tilknytning- og årsgebyr dersom eit vass- eller avløpsanlegg eller større eining av dette medfører vesentleg høgare eller lågare kostnader enn dei andre. Det kan berre fastsetjast lågare gebyrsatsar dersom kostnadane med å forsyne forbrukarane med vatn i eit vassforsyningsområde er mindre kostbart enn i eit anna vassforsyningsområde i kommunen. Med gebyrsats vert meint kostnad per måleining for årsgebyr eller tilknytingsgebyr. *Forbrukarkjøpslova* gjev likevel forbrukar moglegheit til å krevje eit passande prisavslag på levert vatn dersom vasskvaliteten er dårleg i periodar.
3. Det kan vidare verte fastsett ulike gebyrsatsar for tilknytings- og årsgebyr for ulike bustadkategoriar, der det er ulike kostnader forbunde med betening av ulike bustadkategoriar. Til dømes kan det fastsetjast lågare gebyrsatsar for blokkleigheiter på bakgrunn av at kostnadane med leidningsnett er lågare per buening for desse bustadkategoriane enn for meir spreidde bustadeiningar.
4. Det kan fastsetjast høgare gebyrsats for avløpsvatn som er meir forureina enn vanleg kommunalt avløpsvatn, og som det kostar kommunen meir å behandle.

Avgrensingar nemnd ovanfor gjeld ikkje fordelinga av den faste delen av årsgebyret ved bruk av todelt gebyrordning.

2.2.6 Andre forhold

Kommunen kan ikkje krevje tilleggsggebyr eller auke gebyrsatsen ved manglande etterleving av pålegg. Likevel kan kommunen krevje dekt faktiske direkte kostnader som kommunen har pga. manglande etterleving av pålegg knytt til den einskilde eigedom.

Ved omlegging eller utbetring av avløpsleidningar kan kommunen krevje at eigar av tilknytt stikkleidning set i verk tilsvarande omlegging eller utbetring.

Unnlèt gebyrpliktig å etterkome pålegg om utbetring av lekkasjar som medfører forureining kan det fastsetjast tvangsmulkt. Vedtak om tvangsmulkt fastsetjast i høve til *forureiningslova* § 73. Kommunen har høve til å vedta tvangsmulkt på dei områda der dei etter loven og forskrifter elles har forureiningsmyndigheit. Tvangsmulka skal ha ein storleik som gjer det ulønsamt å ikkje følgje kravet. Innkravd tvangsmulkt tilfell staten. Sjå § 9.9 i forslag til ny forskrift.

Om renteplikt ved for sein betaling eller tilbakebetaling av vass- og avløpsgebyr gjeld reglane i *lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane* § 26 tilsvarande. Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedomen etter *pantelova* § 6-1.

Lokale forskrifter for fastsetjing av vass- og avløpsgebyr er framleis gjeldande så langt dei ikkje er i strid med krava i kapittel 16 i *forureiningsforskrifta* eller til kommunen avgjer noko anna. Forskrifter med minimumsgebyr skulle vore endra før 1.1.2008.

3 Gjeldande lokal forskrift

Gjeldande forskrift i Hemsedal kommune heiter *Forskrift om vatn- og avløpsgebyr* og er heimla i *lov av 31 mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter*. Forskrifta blei vedteke av Hemsedal kommunestyre 13. desember 2007.

3.1 Tilknytingsgebyr

Dagens tilknytingsgebyr vert fakturert for alle bygningar som blir tilknytt kommunalt leidningsnett. Tilknytingsgebyra blir utrekna i forhold til bygningens storleik i tråd med reglane i NS-3940. Det vert rekna eit tillegg per m² over 150 m² for alle andre bygg enn bustadbygg. Differensiering av grupper og storleik på gebyra blir fastsett i gebyrregulativet. Tabell 1 nedanfor viser tilknytingsgebyra for bustadhus i 2018.

Tilknytingsgebyr 2018 inkl. mva.	Vatn	Avløp	Totalt
Bustadhus (< 125 m ²)	14 329	20 469	34 798
Bustadhus (121 - 180 m ²)	16 375	23 393	39 768
Bustadhus (181 - 250 m ²)	18 423	26 316	44 739
Bustadhus (> 251 m ²)	20 469	29 241	49 710

Tabell 1 - Tilknytingsgebyr for bustadhus ved gjeldande forskrift

Fritidsbustader, næringsverksemd og industri betalar ein pris etter mengd m² bruksareal og tilhøyrande kategori. Tabell 2 viser tilknytingsgebyra for fritidsbustader, næringsverksemd og industri i 2018. Tabellen viser kr per m² BRA.

Tilknytingsgebyr 2018 inkl. mva.	Vatn	Avløp	Totalt
Overnattingsverksemd	224	330	554
Forretningsareal	114	166	280
Industri og anna verksemd	63	93	155
Fritidsbustad	224	330	554

Tabell 2 - Tilknytingsgebyr for fritidsbustad, næringsverksemd og industri ved gjeldande forskrift

3.2 Årsgebyr

Etter gjeldande forskrift betalar vass- og avløpsabonnentane eit todelt årsgebyr. Dette inneber at abonnentane vert belasta eit abonnementsgebyr, uavhengig av forbruk, og dessutan eit variabelt ledd som er fastsett på grunnlag av målt eller stipulert forbruk. Dette svarar til alternativ 2 i figur 1. Abonnementsgebyret er i utgangspunktet eit fast beløp som betalast av alle eigedommar og reknast per eigedom eller bueining, men gebyra trappast opp etter vassforbruk for fritidsbustad og næringsverksemd. Stipulert forbruk blir fastsett til m³ per m² BRA, der abonnentane som betalar etter stipulert forbruk deles inn i intervall. Tabell 3 under viser forbruks- og abonnementsgebyra i Hemsedal kommune i 2018.

Forbruks- og abonnementsgebyr 2018 inkl. mva.	Vatn	Avløp	Totalt
Abonnementsgebyr bustad	458	1 375	1 833
Forbruksklasse 1 (0 - 200 m ³)	801	1 788	2 589
Forbruksklasse 2 (201 - 400 m ³)	1 316	3 163	4 479
Forbruksklasse 3 (401 - 500 m ³)	1 833	4 400	6 233
Forbruksklasse 4 (501 - 1.000 m ³)	2 863	6 875	9 738
Forbruksklasse 5 (1.001 - 5.000 m ³)	8 015	19 250	27 265
Forbruksklasse 6 (5.001 - 10.000 m ³)	16 030	44 413	60 443
Forbruksklasse 7 (> 10.001 m ³)	28 625	59 978	88 603
Forbruksgebyr pr. m ³	16,10	29,86	45,96

Tabell 3 - Forbruks- og abonnementsgebyr ved gjeldande forskrift

I tabell 4 under visast eksemplar på årsgebyr for bustadhus gitt målt og stipulert forbruk.

Årsgebyr 2018 inkl. mva.	m ³	Vatn	Avløp	Totalt
Målt forbruk + ab.gebyr	100	2 068	4 361	6 429
Målt forbruk + ab.gebyr	150	2 873	5 854	8 727
Målt forbruk + ab.gebyr	200	3 678	7 348	11 026
Stipulert forbruk (75 m ²) + ab.gebyr	107	2 181	4 570	6 751
Stipulert forbruk (125 m ²) + ab.gebyr	188	3 485	6 989	10 474
Stipulert forbruk (200 m ²) + ab.gebyr	269	4 789	9 408	14 197

Tabell 4 - Årsgebyr ved gjeldande forskrift

3.3 Gebyr for mellombels tilknytning

I gjeldande forskrift skal eigar/festar av eigedom med anleggsbrakke eller annan busetnad av mellombels art betale eit gebyr for mellombels tilknytning. For mellombels bygg og brakker reknast tilknytingsgebyr som fylgjer; for 0-1 år reknast 25 % av fullt gebyr, for 1-2 år reknast 50 % av fullt gebyr, for 2-3 år reknast 75 % av fullt gebyr, og for meir enn 3 år reknast 100 % av fullt gebyr. Gebyret følger satsane gitt i avsnitt 3.1.

3.4 Tilleggsgebyr

I følgje kommunen si gjeldande forskrift § 3.9 *Tillegg i årsgebyr*, vert det fakturert eit tilleggsgebyr dersom abonnenten ikkje rettar seg etter kommunen sine krav om utbetring av eige vass- og/eller avløpsanlegg.

I høve til *forureiningsforskrifta* har kommunar ikkje heimel til å gje tilleggsgebyr (sanksjon) for manglande utbetring. Kommunen har likevel høve til å skrive ut tvangsmulkt til staten etter *forureiningslova* § 73 ved lekkasjar som medfører forureining.

4 Framlegg til ny forskrift for vatn og avløp

Dette kapittelet skisserer hovudtrekka og spesielle forhold i framlegget til ny forskrift for vatn og avløp.

4.1 Tilknytingsgebyr

Ved tilknytning til kommunalt vatn- og/eller avløpsnett er det abonnenten som står for røyrleggjarkostnaden. Kommunen har såleis ikkje direkte kostnadar knytt til tilknytninga. Kommunens kostnadar er hovudsakleg knytt til administrativ registrering av ny abonnent.

I forslag til ny forskrift er tilknytingsgebyret ikkje knytt opp til bygningsstorleik, men blir føreslege som ein fast sats kravd ved hendingane beskrive i forskrifta § 8-1 bokstav a) til c). Ein fast sats vert anteke å opplevast som meir rettferdig for abonnentane enn ein sats som til dømes er avhengig av bygningsstorleik. Tilknytingsgebyret er utforma slik at bustadeigedom skal betale per bueining, mens næringsseigedomar skal betale per tilknytt brukseining.

Det leggjast ikkje opp til å ilegge tilknytingsgebyr ved til-/påbygg av eksisterande eigedom.

Samla inntekter frå tilknytingsgebyr avheng av aktiviteten knytt til nybygging og etablering i kommunen og vil variere frå år til år. Dersom gebyrsatsen er høg vil mange tilknyttingar føre til at tilknytingsgebyrinntektene utgjør ein betydeleg del av årets gebyrinntekter. Dette vil kunne påverke moglegheita til å halde årsgebyret stabilt, sidan årsgebyret må reduserast ved overskot på sjølvkostkalkylen. Eit lågt nivå på tilknytingsgebyret er i tråd med tilrådinga frå *Norsk Vann*.

Dersom kommunen overtek private vass- og/eller avløpsanlegg kan kommunestyret i kvart tilfelle avgjere om det skal reknast eingongsgebyr for tilknytning, og eventuell rabatt.

For bustadar skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per bueining. For næringsseigedom skal tilknytingsgebyret utgjere eit fast beløp per brukseining som er tilknytt. For kombinasjonseigedom skal det betalast gebyr for kvar del etter reglane over.

Gebyrsatsen vert årleg fastsett av kommunestyret og kjem fram av gebyrregulativet.

Ved budsjettering av 2019 ble det antatt inntekter tilknytt eingongsgebyret på kr 800.000 for vatn. Antar man ein tilsvarande inntekt på avløp, der eingongsgebyret er av lik storleik for begge gebyrområder, vil til dømes eit tilknytingsgebyr på kr 15.000 inneber at kommunen må få om lag 53 nye tilknyttingar i 2019. Dette er eit tilknytingsgebyr som følgjer tilrådinga frå *Norsk Vann* og alle abonnentar betaler same faste sats.

4.2 Todelt årsgebyr

Ny vass og avløpsforskrift føreslår eit todelte årsgebyr med ein fast del og ein variabel del (alternativ 2 i figur 1). Valet av ein todelte gebyrmodell er grunngjeve med at gebyra betre vil fange opp tenestene si kostnadssamansetjing, samanlikna med berre eit variabelt ledd. Samtidig gjev det høve til å differensiere den faste delen av årsgebyret.

Samla abonnementsgebyrinntekter skal fortrinnsvis dekkje gebyrtenesta sine forventa kapitalkostnadar (kalkulatoriske renter og avskrivningar) og indirekte kostnadar. Desse kostnadane kan sjåast på som faste og forbruksuavhengige.

4.3 Abonnementsgebyr

I framlegget til ny forskrift er det føreslått at bustadeigedom skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per bueining, mens fritidseigedom betalar per brukseining. For andre eigedomar enn bustadeigedomar og fritidsbustad vil abonnementsgebyret verte vekta etter forbruksdata slik at abonnementsgebyret står i forhold til abonnentane sin del av kommunen sine infrastrukturkostnadar knytt til vatn og avløp. Kategoriseringa vil være trinnvis i fem intervall for nærings- og kombinasjonseigedom.

Kategoriar	Tal fastledd	m3 låg	m3 høg	Abonnentar vatn	Abonnentar avløp
Kategori 1	1	0	300	67	61
Kategori 2	3	300	1 000	38	27
Kategori 3	6	1 000	3 000	6	5
Kategori 4	12	3 000	6 000	8	7
Kategori 5	24	6 000	20 000	2	2

Tabell 5 - Differensierte fastgebyr for næringsseigedom og fritidsbustad

Alternativet til å nytte bueining som eining er å nytte eigedom. Dette treff godt på næringsseigedom, delvis godt på kombinasjonseigedom og mindre godt på burettslag/sameige.

Med føreslått ordning vil til dømes eit burettslag med sju bueiningar verte belasta med sju abonnementsledd. I alternativ ordning ville burettslag verte behandla som næring og fått fastsett tal abonnementsledd etter kategori basert på forbruk.

4.4 Variabelt gebyr

Regelverket gjev avgrensa moglegheiter til å differensiere det variable forbruksgebyret. Det tilrådest å operere med same gebyr per m³ for alle abonnentsgrupper. Gebyret vert fastsett etter anten målt eller stipulert forbruk for bustadeigedomar, og som hovudregel etter målt forbruk for andre eigedomar. Ved stipulert forbruk er det i ny forskrift føreslått at forbruket vert rekna ut frå eigedomens bruksareal (BRA) etter NS-3940, i høve til eit forholdstal mellom bruksareal og vassvolum. Forholdstalet går fram av gebyrregulativet.

Gebyr for mellombels tilknytning er innarbeidd i føresegna om gebyr etter målt forbruk (variabel del av årsgebyret). Likevel kan kravet om vassmålar fråvikast dersom vassforbruket kan verte fastsett på andre måtar. I tilfelle der det ikkje er mogleg å installere vassmålar kan kommunen fastsetje eit stipulert forbruk.

4.5 Faktor for stipulert forbruk

Regelverket understrekar at det stipulerte forbruket i størst mogleg grad skal svare til reelt forbruk. I dagens gebyrregulativ stipulerast heilårsbustader i intervall, og det er ikkje oppgitt eit forholdstal for m³ per m² bruksareal. I følgje Norsk Vann (2011) bør omrekningsfaktoren for stipulert årleg forbruk ligge mellom 1,1 – 1,3 m³ per m² bruksareal (BRA). I gebyrsimuleringa i avsnitt 5 er det brukt eit forholdstal på 1,2 m³ per m² bruksareal.

I framlegg til ny forskrift vert forholdstalet fastsett årleg i gebyrregulativet, på lik linje med at storleiken på stipulert forbruk blir fastsett årleg i gebyrregulativet ved gjeldande forskrift.

4.6 Særskilt om vassmålar mv.

Gjeldande praksis tek utgangspunkt i at vassmålarar er eigd av kommunen. I framlegg til ny forskrift er dette vidareført. Abonnenten betalar ei årleg leige for anskaffing og vedlikehald av vassmålar.

I framlegg til ny forskrift er det opna for at kommunen etter skjøn kan fastsetje årsgebyret etter purring dersom abonnenten unnlèt å lese av vassmålar. Kommunen kan sjølv setje i verk avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten, og krevje særskild gebyr for dette (oppmøtegebyr for avlesing av vassmålar). Gebyret vert fastsett årleg i gebyrregulativet.

I framlegg til ny forskrift er det fastsett krav om vassmålar for alle tilknytte eigedomar.

5 Gebyrsimulering

Den nye VA-forskrifta legg grunnlaget for eit nytt gebyrregulativ. Regulativet blir årleg vedtatt av kommunestyret og følgjande gebyrsimuleringar er berre eit døme på ei oppstilling. Simuleringa nedanfor viser ein samanlikning av VA-gebyra i 2019 ved ny og gjeldande VA-forskrift. Alle priser er inkl. mva.

Den nye VA-forskrifta belastar nærings- og kombinasjonseigedomar med abonnementsgebyr etter vekta kategoriar, som igjen er basert på vassforsyningskapasiteten til den enkelte eigedom. Simuleringa for nærings- og kombinasjonseigedom er basert på et utarbeidd døme på moglege kategoriar i Hemsedal kommune. Endelege kategoriar og prisar blir årleg vedteke i gebyrregulativet til kommunen.

5.1 Forbruks- og abonnementsgebyr

Ny vass og avløpsforskrift føreslår eit todelt årsgebyr med ein fast del og ein variabel del, slik som ved gjeldande forskrift. Det er lagt til grunn at den faste delen (abonnementsgebyret) skal dekkje 100 % av kapitalkostnadane og indirekte administrasjonskostnader for vatn og avløp, gitt at dei ikkje utgjer meir enn 50 % av totale kostnader. Bustadeigedom skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per bueining, mens fritidseigedom betaler to abonnementsgebyr per brukseining. Bakgrunnen for inndelinga er at kommunen må ta omsyn til at kommunen sine infrastrukturkostnader tilknytt vatn og avløp er høvesvis høgare for fritidsabonnentar enn for ein bustadabonnentar i Hemsedal kommune. Nærings- og kombinasjonseigedom betaler etter vekta kategoriar, som igjen er basert på historisk vassforbruk. I avsnitt 5.5 er det utarbeida næringskategoriar for Hemsedal kommune. Endelege kategoriar og prisar blir vedteke årleg i kommunen sitt gebyrregulativ. I tabell 6 og tabell 7 er det vist ein samanlikning av ny og gjeldande forskrift for høvesvis vatn og avløp.

Vatn 2019 inkl. mva.	Enhet	Gjeldande forskrift	Ny forskrift
Abonnementsgebyr	kr/abonntent	643	829
Forbruksgebyr	kr/m3	16,81	13,23

Tabell 6 - Samanlikning av forbruks- og abonnementsgebyr for vatn ved ny og gjeldande VA-forskrift

Avløp 2019 inkl. mva.	Enhet	Gjeldande forskrift	Ny forskrift
Abonnementsgebyr	kr/abonntent	1 415	1 639
Forbruksgebyr	kr/m3	27,58	23,79

Tabell 7 - Samanlikning av forbruks- og abonnementsgebyr for avløp ved ny og gjeldande VA-forskrift

5.2 Årsgebyr målt forbruk - bustadeigedom

I tabell 8 nedanfor er det vist vass- og avløpsgebyr for målt forbruk ved ny forskrift. Tabell 9 viser tilsvarende gebyr ved gjeldande forskrift. Det er teke utgangspunkt i fire ulike størrelser for målt forbruk; 60, 120, 180 og 240 m³.

Årsgebyr ved ny forskrift	m3	Vatn 2019	Avløp 2019	Totalt
Målt forbruk + abonnementsgebyr	60	1 623	3 066	4 689
Målt forbruk + abonnementsgebyr	120	2 417	4 494	6 910
Målt forbruk + abonnementsgebyr	180	3 210	5 921	9 132
Målt forbruk + abonnementsgebyr	240	4 004	7 349	11 353

Tabell 8 - Simulerte vass- og avløpsgebyr for ulike bustadeigedomar med målt forbruk ved ny VA-forskrift

Årsgebyr ved gjeldande forskrift	m3	Vatn 2019	Avløp 2019	Totalt
Målt forbruk + abonnementsgebyr	60	1 651	3 070	4 721
Målt forbruk + abonnementsgebyr	120	2 660	4 724	7 384
Målt forbruk + abonnementsgebyr	180	3 669	6 379	10 047
Målt forbruk + abonnementsgebyr	240	4 678	8 033	12 711

Tabell 9 - Simulerte vass- og avløpsgebyr for ulike bustadeigedomar med målt forbruk ved gjeldande VA-forskrift

Tabell 10 nedanfor viser gebyrdifferansar mellom ny og gjeldande VA-forskrift. Eit negativt tal i tabellen indikerer at abonnenten betalar mindre ved ny enn ved gjeldande forskrift.

Δ mellom ny og gjeldande forskrift	m3	Diff. Vatn	Diff. Avløp	Totalt
Årsgebyr målt forbruk - Bustadeigedom	60	-28	-3	-32
Årsgebyr målt forbruk - Bustadeigedom	120	-243	-230	-474
Årsgebyr målt forbruk - Bustadeigedom	180	-458	-457	-916
Årsgebyr målt forbruk - Bustadeigedom	240	-673	-684	-1 358

Tabell 10 - Differansar mellom gebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift

Simuleringa viser at dei fleste bustadabonnentane vil få eit lågare årsgebyr ved ny forskrift. Gebyrreduksjonen skuldast i hovudsak at fritidsabonnentar betalar 2 abonnementsgebyr, samt at man går over til å betale abonnementsgebyr per bueining, og ikkje både per bueining og per eigedom. I ny forskrift er det også ein kostnadsvridning i form av at man nå betalar eit lågare forbruksgebyr. Abonnementsgebyra vil i ny forskrift knytast mot kapitalkostnadane og dei indirekte administrasjonskostnadene tilknytt vass- og avløpstenesta. Høgare

abonnementsgebyr betyr lågare kubikkpris. Denne kostnadsvridinga vil gi abonnentar som har eit høgt forbrukt redusert gebyr.

5.3 Årsgebyr målt forbruk - fritidseigedom

Tabell 11 og tabell 12 nedanfor viser vass- og avløpsgebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift for fritidsbustader. Det er tatt utgangspunkt i fire ulike storleiker for målt forbruk; 60, 120, 180 og 240 m³.

Årsgebyr ved ny forskrift	m3	Vatn 2019	Avløp 2019	Totalt
Målt forbruk + 2 abonnementsgebyr	60	2 452	4 705	7 157
Målt forbruk + 2 abonnementsgebyr	120	3 246	6 133	9 378
Målt forbruk + 2 abonnementsgebyr	180	4 039	7 560	11 600
Målt forbruk + 2 abonnementsgebyr	240	4 833	8 988	13 821

Tabell 11 - Simulerte vass- og avløpsgebyr for ulike fritidseigedomar med målt forbruk ved ny forskrift

Årsgebyr ved gjeldande forskrift	m3	Vatn 2019	Avløp 2019	Totalt
Målt forbruk + 2 abonnementsgebyr	60	1 908	3 634	5 542
Målt forbruk + 2 abonnementsgebyr	120	2 916	5 289	8 205
Målt forbruk + 2 abonnementsgebyr	180	3 925	6 943	10 868
Målt forbruk + 2 abonnementsgebyr	240	5 512	9 872	15 384

Tabell 12 - Simulerte vass- og avløpsgebyr for ulike fritidseigedomar med målt forbruk ved gjeldande forskrift

Tabell 13 nedanfor viser gebyrdifferansar mellom ny og gjeldande VA-forskrift. Eit negativt tal i tabellen indikerer at abonnenten betalar mindre ved ny enn ved gjeldande forskrift.

Δ mellom ny og gjeldande forskrift	m3	Diff. Vatn	Diff. Avløp	Totalt
Årsgebyr målt, fritidseigedom	60	544	1 071	1 616
Årsgebyr målt, fritidseigedom	120	329	844	1 173
Årsgebyr målt, fritidseigedom	180	114	617	731
Årsgebyr målt, fritidseigedom	240	-679	-884	-1 563

Tabell 13 - Differansar mellom gebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift

I gjeldande forskrift vektast fritidsabonnentar som næring. Dette inneber at mengd abonnementsgebyr fritidseigedom skal betale avhenger av vassforbruket. Dei fleste fritidsabonnentane var tidlegare i kategori 1, som tilseier at dei skal betale 1,4 abonnementsgebyr. I ny forskrift er det føreslått at fritidsbustad betalar 2 abonnementsgebyr per brukseining. Høgare abonnementsgebyr ved ny forskrift, samt ei høgare vektning av fritidseigedom gjer at det blir dyrare for dei aller fleste fritidsabonnentar. Det er berre fritidsabonnentar med et høgt forbruk som vil få eit lågare årsgebyr ved ny forskrift.

5.4 Årsgebyr stipulert forbruk

I gjeldande forskrift betalar eit mindretal av abonnentane etter stipulert forbruk. Tabell 14 og tabell 15 nedanfor viser vass- og avløpsgebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift for bustadeigedom. Det er teke utgangspunkt i fire ulike storleiker for bruksareal; 60, 100, 180 og 250 m². I simuleringa blir det brukt eit forholdstal mellom for m³ per m² bruksareal tilsvarande 1,2. Dette forholdstalet er i tråd med *Norsk Vann* sin tilråding. Ny forskrift leggjar også til rette for at forholdstolet kan bli endra i gebyrregulativet.

Årsgebyr ved ny forskrift	m3	Vatn 2019	Avløp 2019	Totalt
Stipulert forbruk + ab.gebyr - 60 m2	72	1 972	3 694	5 667
Stipulert forbruk + ab.gebyr - 100 m2	120	2 734	5 065	7 799
Stipulert forbruk + ab.gebyr - 150 m2	180	3 687	6 778	10 464
Stipulert forbruk + ab.gebyr - 250 m2	300	5 592	10 203	15 795

Tabell 14 - Simulerte vass- og avløpsgebyr for ulike bustadeigedomar med stipulert forbruk ved ny VA-forskrift

Årsgebyr ved gjeldande forskrift	m3	Vatn 2019	Avløp 2019	Totalt
Stipulert forbruk + ab.gebyr - 60 m2	107	2 441	4 366	6 807
Stipulert forbruk + ab.gebyr - 100 m2	147	3 114	5 469	8 582
Stipulert forbruk + ab.gebyr - 150 m2	229	4 493	7 730	12 222
Stipulert forbruk + ab.gebyr - 250 m2	349	6 510	11 039	17 549

Tabell 15 - Simulerte vass- og avløpsgebyr for ulike bustadeigedomar med stipulert forbruk ved gjeldande VA-forskrift

Tabell 16 nedanfor viser gebyrdifferansar mellom ny og gjeldande VA-forskrift. Eit negativt tal i tabellen indikerer at abonnenten betalar mindre ved ny enn ved gjeldande forskrift.

Δ mellom ny og gjeldande forskrift	m2	Diff. Vatn	Diff. Avløp	Totalt
Årsgebyr stipulert forbruk	60	-469	-671	-1 140
Årsgebyr stipulert forbruk	100	-380	-404	-784
Årsgebyr stipulert forbruk	150	-806	-952	-1 758
Årsgebyr stipulert forbruk	250	-918	-835	-1 754

Tabell 16 - Differansar mellom gebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift

Simuleringa viser at dei fleste bustadabonnentar med stipulert forbruk vil få eit lågare årsgebyr ved ny forskrift. Dette skuldast dels at ny forskrift går bort frå intervall og at abonnentane stipulerast lågare enn ved gjeldande forskrift. Samtidig gjeld dei same årsakene her som for bustadeigedom som betalar etter målt forbruk. Dette kan sjåast nedst i avsnitt 5.2.

5.5 Næringskategoriar

Bakgrunnen for inndeling i kategoriar er at kommunen må ta omsyn til at kommunen sine infrastrukturkostnader tilknytt vatn og avløp er høvesvis høgare for storforbrukande abonnentar enn for ein bustadeigedom. I ny forskrift vil næringsabonnentar bli inndelt i fem ulike kategoriar som gir frå 1 til 24 abonnementsgebyr. Tabell 17 nedanfor viser ei oversikt over mengd fastledd (abonnementsgebyr) basert på vassforbruk. Dette gjeld for nærings- og kombinasjonseigedomar. Med kombinasjonseigedom meinast eigedom kor det både er næringsbygningar og bygningar for bustad.

Som følge av at fritidsabonnentane utgjer om lag halvparten av abonnentane i kommunen, medfører dei store investeringskostnader for Hemsedal kommune. Utan fritidsabonnentane ville ikkje kommunen hatt behov for like store vassverk og den same utbreiinga av leidningsnettet. I gebyrsimuleringa er fritidsbustad følgeleg kategorisert, der kvar abonnent må betale to abonnementsgebyr. Dette er også vist i tabell 17.

Kategoriar	Tal fastledd	m3 låg	m3 høg	Abonnentar vatn	Abonnentar avløp
Kategori 1	1	0	300	67	61
Kategori 2	3	300	1 000	38	27
Kategori 3	6	1 000	3 000	6	5
Kategori 4	12	3 000	6 000	8	7
Kategori 5	24	6 000	20 000	2	2

Tabell 17 - Oversikt over næringskategoriar, tal fastledd og tal abonnentar i kvar kategori

Den enkelte eigedom skal betale eit gitt tal abonnementsgebyr etter denne tabellen basert på det høgaste vassforbruket i åra 2013-2018 til eigedommen. Dette er ein god og tilgjengeleg approksimasjon på forsyningskapasiteten til den enkelte eigedom og dermed også på kommunen sine infrastrukturkostnader per storforbrukande næringsseigedom. Praksisen er i bruk i fleire kommunar.

Utan ein slik kategorisering ville kvar næringsabonnent berre betalt eit abonnementsgebyr uavhengig av eigedommen sin relative mengd av produksjons-/handteringskapasitet til kommunen. Dette ville resultert i ein uheldig skeivdeling av kapitalkostnadane mellom bustad- og næringsseigedommar.

5.5.1 Endring av tilordna kategori for abonnementsgebyr

Det er ikkje lagt opp til at tilordna kategori for den enkelte eigedom skal kunne endrast på basis av ein reduksjon i vassforbruket. Det er fleire årsaker til dette:

- Fastleddet skal dekkje kommunen sine kostnader tilknytt den teoretiske leveringskapasiteten til kvar abonnent.
- Infrastrukturen til kommunen avskrivast lineært over 20 år (vassbehandlingsanlegg/reinseanlegg) og 40 år (vass- og avløpsleidningar), på denne måten er dei faste kostnadane relativt stabile over tid og er upåverka av endringar i det varierende vassforbruket til kvar enkelt abonnent.
- Sidan kostnader innanfor vatn og avløp i sin heilskap skal dekkjast av abonnentane, medfører endringar av kategoritilhøyring ein kostnadsforskyving frå ein gruppe abonnentar til ein anna.
- Dersom ein abonnent gis anledning til å «søkje» om tilordning til ein anna kategori, vil dette kunne få ein uheldig smitteeffekt samtidig som det kan føre til ein uønska «etterspørsel» etter politisk (sær-)behandling.
- Stadig endring av kategoritilhøyring for et stort tal næringsabonnentar kan påføre kommunen kostnader tilknytt oppdatering av fakturasystemet.

EDM råder sterkt til å revidere kategoritilhøyring ved jamne mellomrom, f.eks. kvart femte år. Vi tilrår da å sjå på forbruksdata frå åra 2013 og frem til sist avlaste målarstand for den enkelte eigedom. Det høgaste vassforbruket i perioden bør leggest til grunn for kategoritilhøyring.

Enkelte næringseigedomar har ikkje vassmålar og betalar følgeleg abonnementsgebyr etter areal. Dersom slike eigedomar blir utstyrt med vassmålar bør kommunen endre tilordna kategori etter to til tre år med målaravlesingar.

5.6 Årsgebyr næring

Tabell 18 og tabell 19 nedanfor viser vass- og avløpsgebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift for næringseigedomar. Det er teke utgangspunkt i seks ulike kategoriar for målt forbruk; 150, 450, 750, 2.500, 5.000 og 7.500 m³. Disse verdiane søkjer å samanlikne Hemsedal kommune sine gjeldande kategoriar, med dei fem kategoriane tilknytt nytt gebyrregulativ.

Årsgebyr ved ny forskrift	m3	Vatn 2019	Avløp 2019	Totalt
Målt forbruk + abonnementsgebyr	150	2 814	5 208	8 021
Målt forbruk + abonnementsgebyr	450	8 441	15 623	24 063
Målt forbruk + abonnementsgebyr	750	12 410	22 760	35 169
Målt forbruk + abonnementsgebyr	2 500	38 049	69 309	107 358
Målt forbruk + abonnementsgebyr	5 000	76 098	138 618	214 716
Målt forbruk + abonnementsgebyr	7 500	119 121	217 761	336 882

Tabell 18 - Simulerte vass- og avløpsgebyr for ulike næringseigedomar med målt forbruk ved ny VA-forskrift

Årsgebyr ved gjeldande forskrift	m3	Vatn 2019	Avløp 2019	Totalt
Målt forbruk + abonnementsgebyr	150	3 421	6 116	9 537
Målt forbruk + abonnementsgebyr	450	9 622	16 937	26 558
Målt forbruk + abonnementsgebyr	750	15 822	27 756	43 578
Målt forbruk + abonnementsgebyr	2 500	51 026	88 748	139 774
Målt forbruk + abonnementsgebyr	5 000	93 058	157 685	250 743
Målt forbruk + abonnementsgebyr	7 500	144 084	246 433	390 516

Tabell 19 - Simulerte vass- og avløpsgebyr for ulike næringseigedomar med målt forbruk ved gjeldande VA-forskrift

Tabell 20 nedanfor viser gebyrdifferansar mellom ny og gjeldande forskrift. Eit negativt tall indikerer også her at abonnenten betalar mindre ved ny enn ved gjeldande forskrift.

Δ mellom ny og gjeldande forskrift	m3	Diff. Vatn	Diff. Avløp	Totalt
Årsgebyr målt, næring	150	-607	-908	-1 516
Årsgebyr målt, næring	450	-1 181	-1 314	-2 495
Årsgebyr målt, næring	750	-3 412	-4 997	-8 409
Årsgebyr målt, næring	2 500	-12 977	-19 439	-32 416
Årsgebyr målt, næring	5 000	-16 960	-19 067	-36 027
Årsgebyr målt, næring	7 500	-24 963	-28 672	-53 634

Tabell 20 - Differansar mellom gebyr ved ny og gjeldande VA-forskrift

Ved gjeldande forskrift må dei fleste næringsabonnentar betale fleire abonnementsgebyr enn ved ny forskrift. Som følgje av dette, samt ein lågare pris per kubikk i ny forskrift, vil næringsabonnentar betale mindre. Ein av årsakene er at fritidsbustad nå vektast høgare enn ved gjeldande forskrift. Majoriteten av fritidsbustadene går frå å betale 1,4 abonnementsgebyr, til å betale to abonnementsgebyr per brukseining i ny forskrift. Samtidig fordelast kapitalkostnader og indirekte administrasjonskostnader på fleire abonnentar i den nye forskrifta, ettersom at man går over til å berre fakturere per bueining, samanlikna med både per eigedom og per bueining i gjeldande forskrift.

6 Arbeidsgruppa

Framlegg til ny forskrift for vatn og avløp er utarbeidd av Hemsedal kommune. EnviDan Momentum AS har vore sparringspartnarar.

Målsetjinga med arbeidet har vore å lage ei forskrift som er rettferdig, tydeleg og fleksibel. Rettferdig: Gebyra skal spegle dei ulike brukargruppene sitt kostnadsnivå på best mogleg måte. Tydeleg: Forskrifta skal vere lett å lese og handheve med klart og forståeleg språk utan uklare, eller vanskelege, formuleringar. Fleksibel: Forskrifta viser til årlege kommunestyrevedtak for gebyra sin storleik.

Hemsedal kommune ser fram til høyringssvar.

Teknisk drift, Hemsedal kommune.